

Fresvik Vassverk Sa

Vår dato: 21.01.2015
Vår ref.: 201500128-4
Arkiv: 313 / 071.2B1
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Bård Andreas Selstad Ottesen
baso@nve.no / 22 95 95 28

Vik Vassverk Sa – løyve til mellombels uttak av grunnvatn ved Tretteteigen i Vik kommune, Sogn og Fjordane

Vi syner til dykkar søknad av 05.01.2015 om løyve til mellombels uttak av grunnvatn ved Tretteteigen.

Om søknaden

Fresvik vassverk fekk øydelagt vassinntak og overføringsleidningar under flaumen i oktober 2014. Vassverket forsyner kring 80 abonnentar, mellom anna Fresvik skule, bygdaheimen og bedrifter. Ved dagens «kriseløysing» vert vatn henta frå ei sideelv i Fresvik med bruk av vatningsanlegg for jordbruksvatning. Vassprøver frå denne sidebekken viser dårleg vasskvalitet og vasskjelda tåler lite frost. Det hastar difor å skaffe ny vasskjelde for vassverket.

Som ny vasskjelde ynskjer vassverket å etablere eit nytt uttak av grunnvatn i elveavsetningar nær Storelvi ved Tretteteigen. Det er planar om å nytte eksisterande vassbehandlingsanlegg og høgdebasseng/utjammingsbasseng ved Tretteteigen. Sjå vedlegg 1 for oversikt. Det vert søkt om mellombels løyve til å ta ut grunnvatn tilsvarende 300 m³/døgn (3,5 l/s) fram til 15. mai 2015.

Når vassuttaket er etablert skal det gjerast nærare undersøkingar av kjelda sin kapasitet og kvalitet på vatnet. Dersom vasskjelda er eigna som permanent vasskjelde, vil det seinare bli søkt om varig konsesjon for eit større vassuttak, inntil 850 m³/døgn (ca. 10 l/s).

Tiltaket ved Tretteteigen har tidlegare ikkje vore vurdert etter vassressurslova.

Høyring

På grunn av det avgrensa omfang saka har, er ho ikkje kunngjort lokalt. NVE har vore i kontakt med lokale styresmakter for å få deira syn på saka, og meiner at saka er godt nok gjort greie for ved dette.

Vik kommune uttaler i e-post av 14.01.2015:

«Viser til brev om avgrensa høyring for etablering av mellombels uttak av grunnvatn til Fresvik vassverk i Vik kommune.»

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Vik kommune har vore orientert heile vegen under prosessen med å etablere det mellombelse vassuttaket, og meiner det er ei god mellombels løysing.

Vik kommune har ikkje merknader til søknad om midlertidig konsesjon.»

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane uttaler i brev av 14.01.2015:

«Vi viser til oversendinga av 8.1.2015.

Fylkesmannen vurderer at eit mellombels uttak av grunnvatn i dei mengdene det er søkt om til vassforsyning i Fresvik, vil få små konsekvensar og vil vere akseptabelt for allmenne interesser.

Fresvik vassverk fekk øydelagt vassinntaket i Storelvi under flaumen i oktober 2014. Dagens «kriseløysing» er ikkje tilfredsstillande, og det vert søkt om eit mellombels grunnvassuttak på inntil 3,5 l/s fram til 15. mai 2015. Dersom vasskjelda er eigna som permanent vasskjelde, vil det seinare verte søkt om ein varig konsesjon for eit større uttak (inntil 850 m³/døgn; dvs. om lag 10 l/s).

Fylkesmannen skal vurdere om vassuttaket vil medføre skadar og ulemper for kjende allmenne interesser, og i tillegg vurdere tiltaket etter lakse- og innlandsfisklova og ureiningslova. Prinsipp og føringar frå naturmangfaldlova og vassforskrifta vert lagde til grunn. I tillegg vurderer vi landbruks- og beredskapsinteresser dersom desse interessene vert råka.

Den nye vasskjelda skal baserast på grunnvatn frå elveavsettingane nær elvelaupet ved vasshandsamingsanlegget på Tretteteigen. Det mellombelse uttaket er oppgeve til å utgjere 0,13 % av middelvassføringa og 4 % av den alminnelege lågvassføringa i Fresvikelvi ved inntaket (basert på verdiar oppgeve i søknaden).

Vassføringa i Fresvikelvi er viktig for fisk og anna vasstilknytt flora og fauna i og ved elva, og for friluftinteressene. Vi har ikkje kompetanse til å vurdere i kva grad grunnvassuttaket vil påverke vassføringa i elva, men vassuttak til ulike samfunnsformål som reduserer vassføringa, vil kunne påverke desse interessene. Vi kan likevel ikkje sjå at eventuelle konsekvensar av eit mellombels uttak til drikkevatt i den mengda det er søkt vil vere nemneverdige sett opp i mot nytten av tiltaket.

Når ein eventuell søknad om ein varig konsesjon for eit større uttak skal handsamast, vil det derimot vere nødvendig å sjå nærare på korleis vassføringa vert endra, og om det kan få konsekvensar for fisk og for friluftinteressene. Dette gjeld spesielt på den allereie utbygde elvestrekninga mellom drikkevassuttaket og Joka kraftverk. Så langt vi kan sjå er vassuttaket planlagt rett nedstraums inntaket til Joka kraftverk, og eventuell effekt av drikkevassuttaket må summerast med effekten av kraftutbygginga.

Heile den sjøauførande strekninga ligg nedanfor det planlagde grunnvassuttaket, og øvre del kan verte påverka av både Joka kraftverk og grunnvassuttaket. Vidare er dalføret innfallsport til eit stort regionalt friluftsområde knytt til Fresvikbreen og fjellområda omkring, og det er eit parti av den utbygde strekninga som er godt synleg frå vegen. Vi kjenner ikkje til at det er registrert prioriterte naturtypar eller raudlista artar som kan verte påverka av at det vert teke ut grunnvatn nær elva.

Tiltaket vil kunne leggje avgrensingar på bruk av noko dyrka mark nær inntaket, men denne ulempa vert vurdert som liten sett opp i mot nytten av tiltaket.»

NVE si vurdering

NVE kan gi løyve til mellombels uttak av grunnvatn etter § 8 i vassressurslova når fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt.

Hydrologi

Uttak av grunnvatn er planlagt i elveavsetningar like ved Storelvi ved Tretteteigen. I samband med grunnundersøkingar for det planlagde vassuttaket er det kartlagt at det er eit tjukt lag med elveavsetningar langs elva, med innblanding av skredmateriale. Det er ikkje gjort målingar av vassuttak og kva kapasitet grunnvassmagasinet har. Det vert opplyst at det vil bli gjort målingar av kapasitet og vasskvalitet i prøveperioden fram til våren. Inntaket er planlagt i elveavsetningar like ved Storelvi. Det er venta at grunnvassmagasinet vil ha god infiltrasjonskapasitet og vassutskifting mot elva. Middelvassføringa i Storelvi ved inntaket er berekna til 2633 l/s og alminneleg lågvassføring er berekna til ca. 89 l/s. Elva er regulert på strekninga med vassuttak til Joka kraftverk som har inntak like oppstraums planlagt grunnvassinntak. Joka kraftverk skal sleppe ei minstevassføring på 140 l/s heile året. Det planlagde vassuttaket på 3,5 l/s vil utgjere ca. 2,5 % av minstevassføringa frå Joka kraftverk og 3,9 % av alminneleg lågvassføring. NVE vurderer at grunnvassuttaket ikkje vil påverke lågvassføringar i Storelvi i vesentleg grad.

Landskap og brukarinteresser

Vassuttaket er planlagt like ved eksisterande bygg med vassbehandlingsanlegg og høgdebasseng /utjammingsbasseng ved Tretteteigen. Det er planar om å nytte desse eksisterande anlegga. Nytt vassinntak er planlagt innanfor eit område der flaumen har skylt vekk lausmassar og vegetasjon. Inntaket vil bli liggande nokre få meter innanfor nytt flomvern for elva. Søkjar informerer om at uttaksområdet ligg lite tilgjengeleg til for friluftsliv/rekreasjon. Fylkesmannen viser til at dalføret er innfallsport til eit stort regionalt friluftsområde knytt til Fresvikbreen og fjellområda omkring, og at det er eit parti av den utbygde strekninga som er godt synleg frå vegen. NVE vurderer at tiltaket medfører små nye inngrep og at tiltaket i liten grad vil påverke landskapsbiletet og brukarinteresser.

Naturmangfald

Det vandrar sjøaure opp i Storelvi og heile den sjøaureførande strekninga ligg nedanfor det planlagde grunnvassuttaket. Fylkesmannen peikar på at vassføringa i Fresvikelvi er viktig for fisk og anna vasstilknytt flora og fauna i og ved elva, og at øvre del kan verte påverka av både Joka kraftverk og grunnvassuttaket. Fylkesmannen vurderer at eit mellombels uttak slik som omsøkt vil få små konsekvensar for fisk. Fylkesmannen kjenner elles ikkje til at det er registrert prioriterte naturtypar eller raudlista artar som kan verte påverka av at det vert teke ut grunnvatn nær elva.

Naturmangfaldlova (nml) legg føringar for berekraftig bruk av norsk natur og blir lagt til grunn når NVE vurderer søknaden. For å kunne oppfylle forvaltningsmåla i §§ 4 og 5 om bevaring av artar og naturtypar er ein avhengig av eit godt kunnskapsgrunnlag, jf. nml § 8. Dersom dette kunnskapsgrunnlaget ikkje er tilstrekkeleg skal ein nytte føre-var-prinsippet jf. nml § 9.

Det er ikkje gjort undersøkingar av kva registrerte naturtypar eller artsførekomstar som er i området. Søk i Artskart og Naturbase (16.01.2015) viser ingen registreringar av raudlista artar eller utvalde naturtypar.

Med bakgrunn i informasjon frå søknaden, høyringsuttalar og eigne søk i databasar, vurderer NVE kunnskapsgrunnlaget å vere tilstrekkeleg til å fatte vedtak, jf. at kunnskapsgrunnlaget skal stå i forhold til saka sin karakter og skade på naturmangfaldet. Ut i frå eksisterande kunnskap kan vi ikkje sjå at allmenne interesser knytt til biologisk mangfald skal bli nemneverdig negativt påverka av det planlagde tiltaket.

Oppsummering

Vik kommune har ikkje merknader til søknad om midlertidig konsesjon. Fylkesmannen skriv at dei ikkje kan sjå at eventuelle konsekvensar av eit mellombels uttak til drikkevatt i den mengda det er søkt vil vere nemneverdige sett opp i mot nytten av tiltaket. NVE vurderer at det er av stor allmenn interesse å sikre vassforsyning til Fresvik vassverk. NVE meiner at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt.

Konklusjon

NVE gjev løyve til at Fresvik Vassverk Sa kan ta ut grunnvatn tilsvarende 300 m³/døgn (3,5 l/s) ved Tretteteigen i perioden fram til 15. mai 2015. Løyve er gitt i medhald av vassressurslova § 8.

Løyvet blir gjeve på desse vilkåra:

- Uttak av grunnvann skal avgrensast til det grunnvassmagasinet tåler, jf. vassressurslova § 44.
- Konsesjonæren er forplikta til å redusere, eventuelt stoppe uttak dersom det vert registrert uforutsette negative konsekvensar av tiltaket.
- Ved brot på dei fastsette reglane gitt i lova eller i medhald av lova pliktar konsesjonæren etter krav frå NVE å bringe forholda i lovleg orden. NVE kan fastsette tvangsmulkt ved brot på reglane i konsesjonen eller andre reglar med heimel i lov.
- NVE føreset at Fresvik Vassverk Sa har ordna dei privatrettslege tilhøva knytt til tiltaket.

Om klage og klagerett

De kan klage på denne avgjerda til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet underretninga er kome fram til partane, jf. forvaltningslova kapittel VI. Retten til å klage er avgrensa til partar (grunneigarar, rettshavarar og konsesjonssøkar) og andre med rettsleg klageinteresse (hovudsakleg organisasjonar som representerar dei interesser som saka vedkjem). Ei eventuell klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast gjennom NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

Med helsing

Rune Flatby
avdelingsdirektør

Gry Berg
seksjonssjef

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg 1: Kart som viser dei ulike delane av prosjektet

Kopi:

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Vik kommune

Vedlegg 1. Kart som viser dei ulike delane av prosjektet.

